

IKT reglement for grunnskulen i Klepp kommune.

1. Føremål

- Målgruppa for reglementet er elevar i skulen.
- Reglementet avklarar akseptabel bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi for elevane. .
- Reglementet søker å hindra utilsikta og uønska hendingar.
- Reglementet vil beskytta brukarar og trygga den pedagogiske læringssituasjonen.
- Reglementet skal bidra til å avgrensa roller, rettar og plikter for elevar og kommunen.

2. Omfang

- Bruk av kommunen sitt IKT-utstyr som ved skulane.
- Bruk av privat IKT-utstyr i samband med skulen og/eller via kommunen sitt nettverk.
- Bruk av programvare som kommunen har gjort tilgjengelig.
- Publisering av innhald på nett og kommunikasjon ved bruk av privat eller kommunen sitt IKT-utstyr.
- IKT-bruken til elevane utanom skuletid er i utgangspunktet heimen sitt ansvarsområde, men atferd som har tydelig tilknytning til skulen kan likevel falla inn under skolen sitt ansvarsområde.

3. Eleven sine rettar

- Eleven har rett til opplæring i bruk av IKT for å kunna oppnå krava om IKT-dugleik i samsvar med Kunnskapsløftet.
- Eleven har rett på tilgang til velfungerande IKT-utstyr i undervisninga.
- Alle elevar har rett på lik tilgang til IKT-utstyr i samband med gjennomføring av digital eksamen og nasjonale prøver.
- Eleven har rett til å bli informert om innhaldet i IKT-reglementet av skulen.
- Kommunen kan bare utlevera opplysningar om ein enkelt elev eller data som tilhøyrer ein elev der dette går fram av inngått samtykke, vedtatte reglement eller følger av lovgivinga elles.
- Eleven har rett til å få med seg private data som skulen ikkje lenger har høve til å ta vare på.
- Skulen vil sletta alle personopplysningar om elevane som skulen ikkje lenger har bruk for, men dette gjeld ikkje viss skulen er lovpålagt å ta vare på opplysningane.

4. Eleven sine plikter

- Elevar plikter å følge skulen sitt pålegg og instruksar om bruk av IKT-utstyr
- Elevar på ungdomstrinnet plikter å setta seg inn i den informasjonen som skulen gir om reglar og vilkår for bruk av IKT-utstyr.
- IKT-utstyret som er plassert ved den enkelte skule, skal eleven ta godt vare på.
- IKT-utstyr som blir brukt i skuletida, skal bare bli brukt til skulerelaterte oppgaver.
- I skuletida skal privat IKT-utstyr, som mobiltelefonar, bærbara datamaskinar og anna, bli brukt etter avtale med skulen.
- Chat, spel, privat e-post eller generell surfing skal bare skje etter avtale med skulen.
- Publisering av innhald på nett og kommunikasjon gjennom kommunen sitt IKT-utstyr skal på ingen måte innehalde tekst, bilete, lyd eller video som er av støyande art, eller som heng ut enkeltpersonar eller -grupper.

- Digital mobbing skal ikkje skje uavhengig om det skjer gjennom eige eller kommunen sitt IKT-utstyr.
- Brukarnavn og passord skal vera hemmelig og skal bare brukast av den aktuelle eleven.
- Elevar kan ikkje installera eigen programvare på kommunen sitt IKT-utstyr. Installasjon av programvare på PC-ane som gjer at uvedkommande får tilgang til kommunen sitt nettverk skal ikkje skje.
- Eleven pliktar å gjera så godt ho/han kan for å ikkje bringa virus eller annan øydeleggande programvare inn i kommunen sitt IKT-utstyr.
- Eleven pliktar å bruka godt nettveit når han/ho bruker kommunen sitt IKT-utstyr.
- Eleven pliktar å undersøka og respektera opphavsretten til materiale som tekst, bilete, musikk, film eller lyd som blir lagt ut på heimesider, fellesområde og bloggar.
- Eleven må få samtykke frå medelevar/føresette til å legga ut bilete, lyd og video av dei.
- Elevar pliktar å varsla skulen ved mistanke om at andre bryt reglementet.

5. Inngrep og sanksjoner

- Brot på IKT-reglementet kan føra til sanksjonar frå skulen/kommunen.
- Skulen har eit ansvar for å gripa inn overfor elevar som mobbar eller trakasserer lærarar eller andre elevar.
- Bruk av skolen sitt IKT-utstyr som strid mot norsk lov kan bli anmeldt.
- PC-ar som blir brukt under eksamen kan bli kontrollert før og etter avhalden eksamen for å avdekka forsøk på juks.
- Elevar som mobbar, diskriminerer eller trakasserer andre ved bruk av kommunen sitt IKT-utstyr kan bli utestengt frå all IKT-bruk i ein periode fastsett av skulen. Særskilt alvorlige tilfelle kan bli anmeldt.
- Elevar som utøver skade på kommunen sitt IKT-utstyr kan bli halden erstatningsansvarlig.
- All datatrafikk ved den enkelte skulen kan bli logga.
- Brot på IKT-reglementet kan også føra til sanksjonar i samsvar med skulen sitt generelle ordensreglement.

6. Ansvar

- Kommunen er ikkje ansvarlig for tap av data eller skade på IKT-utstyr som skuldast forhold utanfor kommunen sin kontroll.

7. Underskrift

Underskrift er å forstå som kvittering på at reglementet er lest og akseptert

Stad og dato:

Elev

Føresette (dersom elev er under 14 år)